



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTN» «POSTSTED»

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2007/476	1233/2009	AGJ	12.02.2009

REGULERINGSPLAN HOLSEKERDALEN

MELDING OM 2. GONGS UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Teknisk utval handsama 11.02.09, sak 09/26, framlegg til reguleringsplan for Holvekerdalen etter utlegging til offentleg ettersyn. Utvalet gjorde vedtak om nokre endringar og at planframlegg, alt. 1 og alt. 2 med føresegner skulle leggjast ut til 2. gongs offentleg ettersyn.

Planområdet er det same som ved 1. Gongs ettersyn, og alternativa til samlevegtrasé er også dei same. Areal er utlagt til bustadformål, offentlege bygningar, trafikkområde, landbruk, friområde, friluftsområde, kommunalteknisk anlegg, fellesområde og kulturhistorisk vern. Dei viktigaste endringane i dei reviderte framlegga er:

- Sambindingsvegen i aust mellom Holvekervegen og samlevegen går ut
- Det er lagt inn område for Kulturhistorisk vern på 0,6 dekar like nord for Sauneselva ved Holmen
- Gangvegssystemet ved Holmen. I begge alternativ er det lagt opp til at gangvegen skal knytast til Joakimbakken, og med vidareføring mot Alvehaugen
- Breidda på vegområde for fremste delen av samlevegen, alternativ 1, er redusert med 2 m
- Føresegnene får nye paragrafar for kulturhistorisk vern og for rekkjefylgjekrav

Som grunneigar innafor, eller som nabo til planområdet, vert du med dette gjort kjend med at framlegg til reguleringsplan for Holvekerdalen, alternativ 1 og alternativ 2, med føresegner er utlagt til 2. gongs offentleg ettersyn i Informasjonen, Ulstein rådhus, og på kommunen si heimeside. Tidlegare innsende merknader fylgjer saka vidare. Moglege nye merknader vert å sende til Ulstein kommune, Teknisk utval, p.boks 143, 6067 Ulsteinvik innan 14.03.09.

Med helsing

André Gjerde (sign.)
overingeniør